



Kenneth Bjørnevoll  
Reikeråsvegen 175  
5913 EIKANGERVÅG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/19348 - 23/23499

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
24.03.2023

## Avvist søknad om ferdigattest - gbnr 62/66, 67 - Kai og flytebrygge Tofting

**Administrativt vedtak.**      **Saknr: 328/23**  
**Tiltakshavar:**              Kenneth Bjørnevoll  
**Ansvarleg søkjar:**  
**Søknadstype:**              Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-10 jf. §  
21-2, 5. ledd.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, 21-10 jf. byggesaksforskrifta § 8-1 vert søknad om ferdigattest for både flytebrygge og kai på gbnr 62/66, 67 avvist. Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

### Tiltak

Det vert vist til søknad om ferdigattest motteken 2.11.21.  
Saka gjeld søknad om ferdigattest for både naust, kai og flytebrygge, godkjent i to separate saker. Løyve til oppføring av naust på gbnr 62/67 er gjeve i sak 20/19347 den 07.05.21 og denne saka er avslutta med ferdigattest for naust den 08.11.21. Løyve for oppføring av flytebrygge med kai og dispensasjon ble gjeve av APM i sak 20/19347 den 13.10.21 då klage på avslaget ble teke til følgje.

Statsforvaltaren i Vestlandet har klaga på vedtaket den 19.11.21. Klage ble ikkje teke til følgje av APM den 19.01.22 i sak 011/22 og ble sendt til endeleg avgjerd til Statsforvaltaren i Rogaland. Statsforvaltaren i Rogaland har oppheva politisk vedtak og løyve for oppføring av kai og flytebrygge den 18.05.22.

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at grunnlaget for å utstede ferdigattest er ikkje gyldig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:  
Det er ingen høve å utstede ferdigattest for kai og flytebrygge då vedtaket er oppheva. Det kan søkjast om ferdigattest på naust i sak

Kommunen skal etter søknad utstede ferdigattest for alle søknadspåkravende tiltak når vilkåra i plan- og bygningsloven § 21-10 føreligger. Desse vilkåra er ikkje stetta i denne konkrete saka.  
Kommunen vurderer at vedtaket er oppheva av statsforvaltaren og at vi kan ikkje gi ferdigattest for kai og flytebrygge då vedtaket er ikkje gyldig lenger.

### **Regelverk**

Kommunen skal etter søknad utstede ferdigattest for alle søknadspåkravende tiltak når vilkåra i plan- og bygningsloven § 21-10 føreligger.

Søknad om tiltak etter pbl må vere avslutta med ferdigattest, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 8-1, jf. pbl § 21-10.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Help Forsikring AS

Postboks 1870 0124  
Vika

OSLO

**Mottakarar:**  
Kenneth Bjørnevoll

Reikeråsvegen 5913  
175

EIKANGERVÅG